

Vårsøghelga

Surnadal

27. - 30. mai



2004

Årets bok!

350 dikt av 250 forfattarar

Sia 1999 har mange hundre barn og unge frå Surnadal kommune skrive tusenvis av dikt til Vårsøghelga. Her kjem 350 høgdepunkt!
Dikt som er korte, lange, finurlege, filosofiske, alvorlege og artige.
Dikt til å bli glad av!

Dikt frå Vårsøglandet



Kr. 175,-

Boka er i sal på Vårsøgkontoret i kulturhuset og på arrangementa under Vårsøghelga.

► Torsdag 27.05

17:00 Kallastukveld

19:30 Bygdakveld på Stangvik skule

► Fredag 28.05

09:00 Skuleforestilling i Surnadal kulturhus

16:00 Kino, Surnadal kulturhus

16:00 Korpsoppmarsj frå Amfisenteret

16:05 Opning kunstutstilling, Surnadal kulturhus

16:30 Forspel for Kleivakvelden på Torget ved
Surnadal kulturhus

18:00 Kleivakveld

20:30 Kino, Surnadal kulturhus

22:00 Kulturhusfest, Surnadal kulturhus

► Laurdag 29.05

10:00 Teiknekurs i Kallastuå

10:00 Skulpturstunt på Torget ved Surnadal kulturhus

12:00 Bokbad/konsert , Surnadal kulturhus

14:00 Fleirkulturell kafé, Surnadal kulturhus

14:00 Utstillingsopning på Åsen Bygdemuseum

14:30 Barneteater på Åsen Bygdemuseum

14:30 Slektsforskingseminar, Surnadal kulturhus

14:30 Årsmøte i Festivalnett Nordmøre, Surnadal kulturhus

16:00 Bel Canto og Fosnafolk i Foajeen, Surnadal kulturhus

17:00 Slektsforskingseminar, Surnadal kulturhus

19:00 Odd Børretzen og Lars Martin Myhre,
Surnadal kulturhus

21:00 Susanne Lundeng, konsert på Åsen Bygdemuseum

22:00 Låvedans med Dalakopa på Åsen Bygdemuseum

► Søndag 30.05

10:00 Teiknekurs siste del i Kallastuå.

11:00 Pinsegudsteneste i Stangvik Kyrkje

14:00 Vindens hjul i Stangvik Kyrkje

18:00 Songar frå Vårsøglandet, Surnadal kulturhus

For detaljert program sjå side 6 og utover.



Velkomne til Vårsøglandet!

Vårsøglandet er her: på Kleiva,
i Surnadal kommune, på
Nordmøre. Men det er like
mykje eit land inni oss. Eit
land der sola ofte skin, lokka
fram av gode opplevingar.
Vi håpar vi kan gje deg nokre
slike under Vårsøghelga 2004.

Eg er sikker på at du finn fleire av dei i "Dikt frå
Vårsøglandet". Boka rommar dikt skrivne av eit
par hundre barn og unge, og eg blir like glad og
imponert kvar gong eg blar i ho. Dikta har inspi-
rert dyktige komponistar til konserten "Songar frå
Vårsøglandet", og svært unge
kunstnarar til utstillinga i Kallastuå.

Også årets Vårsøghelg har mange store namn.
Ungane våre er dei største.

Nyt vårsøget!

Svein Sæter
leiar i Laget Vårsøg



Vårsøghelgmotivet 2004

I år er det "Vårsøg – kunstnaren"
Runi Langum som har laga teikninga
som prydar plakaten, t-skjorta og
framsida på programmet.
Hennar utstilling i Galleri Finstuå,
Surnadal kulturhus, held fram til søndag 6. juni.

SPONSORAR

Vi takkar for tilskot frå:

Surnadal kommune

Norsk Kulturråd

Møre og Romsdal fylkeskommune

Surnadal Heimbygdlag

Kleivafondet 2003

Hovudsponsorar:



Surnadal & Stangvik
SPAREBANK



Statkraft

Delsponsorar:

**SURNADAL
HOTELL**



Svorka
Energi



Gjensidige Forsikring
Surnadal



KRI
Kommunale Regulerings-
og Utviklingsplaner



SLP Surnadal Logistikk Partner AS

coop
mega

DRiVA

PROGRAM

► TORSDAG 27. MAI

Kallastukveld

17:00

KALLASTUÅA

Opning ved fylkeskultursjef Arvid Blindheim.

Presentasjon av boka "Dikt frå Vårsøglandet".

Utstilling: "Akvarellar frå Vårsøglandet", laga av elevar ved Kulturskolen for indre Nordmøre til boka. Elevar frå kulturskulen syng songar frå boka, og det blir diktlesing. Gunnvald Bøe vil gje eit innblikk i dialektar og stadnamn.

Billettar kr. 50/100

Bygdakveld

19:30

STANGVIK SKULE

Med kor, korps og Harry Potter! Stangvik skulekorps står for arrangementet, og held konsert. Syng i lag-koret framfører utdrag frå Prøysenkabareten sin, og omsetjar Torstein Bugge Høverstad kjem for å fortelje om Harry Potter.

Billettar kr. 50/100

► FREDAG 28. MAI

Skuleforestilling

09:00

STORSTUÅ - SURNADAL KULTURHUS

Harry Potters norske "gudfar" Torstein Bugge Høverstad fortel levande om arbeidet sitt, og det blir vist klipp frå filmane. For elevar på mellomtrinnet i grunnskulen.

Kino: Da jeg traff Jesus med sprettert

16:00

KAMMERSET - SURNADAL KULTURHUS

Kritikarrost film bygd på Odd Børretzens bok frå oppveksten.

Billett kr. 60

Korpsoppmarsj

16:00

AMFISENTERET

Alle Surnadalskorpsa møtest i Amfi og marsjerer opp mot kulturhuset.



Årets bok: Dikt frå Vårsøglandet



Kva får du når fleire hundre ungar skriv dikt? Ei glimrande diktsamling! Boka blir lansert under Vårsøghelga, og er å få kjøpt på dei aller fleste arrangementa. Eit par hundre barn og unge frå heile Surnadal debuterer som forfattarar i "Dikt frå Vårsøglandet". Boka rommar om lag 350 av dikta som er skrivne til Vårsøghelga dei siste fem åra, og er illustrert av elevar ved kulturskulen. Skal du kjøpe berre ei bok i år, bør det bli denne!

Potter på plass



Torstein Bugge Høverstad har omsett både "Ringenes herre" og "Harry Potter" til norsk. Han har fått fortent skamros for arbeidet med bøkene om den unge trollmannen. Under Vårsøghelga kan du treffe Bugge Høverstad han på Bygdakvelden torsdag, som i år er på Stangvik skule. Skuleelevane på mellomtrinnet i grunnskulen får han for seg sjølve på fredag føremiddag i Storstuå.

Kunst: Runi Langum



Foto: Kristin von Hirsch

Årets "Vårsøg-kunstnar" i Galleri Finstuå er Runi Langum. Ho er kjent både som teiknar, grafikar og filmskapar, har vunne norske og internasjonale prisar, og er innkjøpt av Nasjonalgalleriet. Dei siste åra har særleg litografia hennar nådd eit stort publikum, også i Surnadal, etter at bileta hennar var fjorårets julegåve frå Amfi. Ho debuterte heime i Svelvik i 1985, og har sia hatt ei lang rekkje utstillingar i inn- og utland.

PROGRAM

Opning av kunstutstilling

16:05

GALLERI FINSTUÅ - SURNADAL KULTURHUS

Galleri Finstuå, Surnadal kulturhus. Runi Langum stiller ut.
Koret Fosnafolk syng.

Forspel for Kleivakvelden

16:30

TORGET VED KULTURHUSET

Utandørskonsert med Hornmusikken, Surnadal skulekoprs,
Stangvik og Mo skulekorps og Fosnafolk.

Kleivakvelden

18:00

KLEIVA

Med Odd Børretzen og Lars Martin Myhre, Susanne Lundeng og Håvar Bendiksen, Hornmusikken og kora Bel Canto og Fosnafolk. Og naturlegvis med Henning Sommerro og John Pål Inderberg i toppform!

Billett kr. 75/175

Kino: Da jeg traff Jesus med sprettert

20:30

KAMMERSET - SURNADAL KULTURHUS

Billett kr. 60

Kulturhusfest med jamming

22:00

SURNADAL KULTURHUS

Gladkveld med eksellent husorkester: Per Husby piano, Jostein Ansnes gitar, Sondre Meisfjord bass og Jo Inge Nes på trommer. Gladjazzgruppa Safari spelar, deretter er det fritt fram.

Billett kr. 100

► LAURDAG 29. MAI

Teiknekurs

10:00

KALLASTUÅA

Teiknaren og filmskaparen Carsten Andersen er instruktør på kurset, som er for unge frå 12 til 16 år, med slingsringsmonn bae vegar. Kurset går over to dagar. Påmelding på telefon 415 46 860.

Kursavgift kr. 200 + materiale.

Kort om kor



Bel Canto Vestfold, tidlegare kjent som Valenkoret, er eit damekor frå Sandefjord. Koret ligg på eit høgt nivå, med gode plasseringar frå konkurransar i utlandet. Bel Canto syng under Kleivakvelden, dei har konsert saman med Fosnafolk og deltek på Vindens hjul av Henning Sommerro i Stangvik kyrkje. Songkoret Fosnafolk frå Kristiansund har nettopp feira sitt 25-årsjubileum, og under Vårsøghelga får vi mellom anna nokre smakebitar frå jubileumskonsernten "BLÅ". Mykje av stoffet er spesielt arrangert for koret, som tel om lag 40 songarar. Du vil møte Fosnafolk både på Kleiva, i kulturhuset og andre stader.

Odd Børretzen/Lars Martin Myhre



Endeleg: Odd Børretzen i Surnadal! Du kan oppleve han og Lars Martin Myhre både på Kleivakvelden og i eigen konsert laurdag, i samspel med Olaf Kamfjord og Terje Johannesen. Humoristen, forfattaren og artisten Odd Børretzen har vore ein institusjon i norsk kulturliv i ein mannsalder. Sia 1995 har han og Myhre nådd eit rekordstort publikum og fått kritikarane i fistel med CD-ane "Noen ganger er det all right", "Vintersang" og "Kelner".

Susanne spelar



Susanne Lundeng er felespelar og komponist. Musikken hennar byggjer i stor grad på den tradisjonen ho lærte hjå spelemenn i Lofoten og Salten. Samtidig har ho sitt eige sterke musikalske særtrekk, og gjer folkemusikk tilgjengeleg for eit breitt publikum. Ho har gjeve ut fem CD-ar. Den siste, "Forunderlig ferd", kom i januar. Susanne har med seg Håvar Bendiksen på gitar.

PROGRAM

Skulpturstunt

10:00

TORGET VED SURNADAL KULTURHUS

Her blir det liv! Den dyktige skulptøren Hans Martin Øien med lokale assistentar trør til med tømmer og motorsag. Kom og sjå ein skulptur bli til!

Bokbad/konsert

12:00

STORSTUÅ - SURNADAL KULTURHUS

Forfattaren Anne-Lise Boge i samtale med Svein Sæter om bokserien Arvesynd. Klassisk konsert med Anders Larsen på fiolin og Kyrre Havdal på flygel.

Billett kr. 50

Fleirkulturell kafé

14:00

FOAJEEN - SURNADAL KULTURHUS

Fleirkulturelt Forum i Surnadal står for dagens ettermiddagskafé, med mange spennande matrettar.

Utstillingsopning

14:00

ÅSEN BYGDEMUSEUM

Fjøset på Åsen vil i år romme ei spennande utstilling med lokale kunstnarar: Jenny Klinge, Lars Torbjørn Gjøre, Berit Anne Røkkum, Anne Grete Kvendset og Anne Mari Rognskog.

Barneteater

14:30

ÅSEN BYGDEMUSEUM

Med hjertet på nesa, barneteater. Sirkus og teater, to ting til prisen for ein!

Billett kr. 50.-

Slektsforslingsseminar

14:30

SVORKA 2 - SURNADAL KULTURHUS

Slektsforum for Indre Nordmøre held seminaret i Hans Hyldbakk si ånd. Kursleiarar er Arild Mogstad og Tor Ålbu. Seminaret er todelt; andre delen blir på biblioteket, med søk etter informasjon på nettet.

Seminaravgift kr. 50

Årsmøte i Festivalnett Nordmøre

14:30

SVORKA 1 - SURNADAL KULTURHUS

Festivalnett Nordmøre er ein paraplyorganisasjon for Sunndal Kulturfestival, Fru Guri av Edøy, Tahitifestivalen i Kristiansund og Vårsøghelga.

Arvesynd med fiolin



Anne-Lise Boge har selt hundretusenvis av bøker med inspirasjon frå Nordvik! Korleis er det muleg? Møt skaparen av "Arvesynd" laurdag 29. mai, i samtale med Svein Sæter. Det blir musikk attåt badet: Minikonsert med vår eigen virtuose fiolinist Anders Larsen, i samspel med den dyktige pianisten Kyrre Havdal. Billege billetter: 50 kroner.

Barneteater



Boa Scenekunst med Elisabeth Hel-land Larsen presenterer "Med hjertet på nesa". Eit fugleskremsel blir til ein klovn, som dyrkar grønsaker og musikkinstrument! Ei god blanding av sirkus og teater, og ei frodig forestilling for både latter og ettertanke. Passar for barn frå 5 år.

Slektsforslingsseminar



Stadig fleire leitar etter røtene. Lær korleis! Slektsforslingsforum for Indre Nordmøre orienterer om denne spennande hobbyen, og går inn på ulike dataprogram og hjelpemiddel som kan forenkle leitinga etter dine forfedrar og –mødrer.

Dans med Dalakopa



Dalakopa er ei av Norges beste gam-meldansgrupper og blant våre fremste formidlarar av folkemusikk, med ein Spelemannspris på merittlista. Det er sagt om gruppa at ho spelar med "kunnskap, glede, kjærleik og entusiasme". Sving deg til Dalakopa på Åsen laurdagskvelden, og opplev førestillinga "Vindens hjul" der gruppa spelar ei sentral rolle søndag.

PROGRAM

Bel Canto og Fosnafolk

16:00

FOAJEEN - SURNADAL KULTURHUS

To store kor i eit stort lokale! Gratis inngang

Slektsforskningsseminar del 2

17:00

BIBLIOTEKET - SURNADAL KULTURHUS

Konsert: Odd Børretzen og

Lars Martin Myhre

19:00

STORSTUÅ - SURNADAL KULTURHUS

Sjå omtale
Billett kr. 250,-

Konsert: Susanne Lundeng

21:00

ÅSEN BYGDEMUSEUM

Ei sprell levande hulder frå Nordland med ei forrykande
førestilling. Sjå omtale.

Billett kr. 100,-
Kombibillett som inkluderer låvedansen: Kr. 150,-

Låvedans med Dalakopa

22:00

ÅSEN BYGDEMUSEUM

Pinsefeiring med låvedans og spekemat,
godt for kropp og sjel!

Inngang kr. 150,-

► SØNDAG 30. MAI

Teiknekurs

10:00

KALLASTUÅ

Pinsegudsteneste

11:00

STANGVIK KYRKJE



14:00

Vindens hjul av Henning Sommerro

STANGVIK KYRKJE

Gammaldans og kyrkjemusikk ligg langt frå kvarandre, men i gamaldansmessa "Vindens hjul" kjennest kombinasjonen naturleg. Henning Sommerro står bak verket, som er eit vekselspel mellom liturgi, folkeleg musikk, messetekstar, kor-song og dans. Tittelen er henta frå bergmannssalma til Johan Falkberget, som avsluttar verket.

Med Dalakopa, Bel Canto, Olav Nyhus, Jo Inge Nes, John Pål Inderberg, dansarar frå Surnadal og Henning Sommerro. Velkomne til ei unik oppsetting i Stangvik kyrkje!

Billett kr. 200,-

18:00

Konsert: Songar frå Vårsøglandet

STORSTUÅ - SURNADAL KULTURHUS

Verdspremiere; Vårsøghelga blir avslutta med ein stor og sjeldan konsert. Urpremiere på mange nydelege songar.

Tekst: Barn og unge frå heile Surnadal kommune.

Melodi: Frode Alnæs, Trygve Bröske, Henning Sommerro, Per Husby og mange andre.

Ei "supergruppe" er laga spesielt for konserten: Per Husby (piano, kapellmeister), Jostein Ansnes (gitar), Sondre Meisfjord (bass) og Jo Inge Nes (trommer). Dei blir supplert av mellom andre Frode Alnæs, Henning Sommerro, Erling Solem, Svanhild Husby og Norvald Bondhus. Elevar frå kulturskulen syng. Tekstene er henta frå boka "Dikt frå Vårsøglandet", med om lag 350 sprelske dikt. Ein unik konsert!

Billett kr. 150,-

www.stihl.no



Motorsag MS 180 C

Sterk hobbysag med kjedestramming helt uten bruk av verktøy, samt ElastoStart for en jevn og myk start.

32 ccm • 1,5 kw • 2,0 hk • 4,0 kg

1990,-

Tilbudet gjelder kun lørdag 29. mai.



butikk

Felleskjøpet Trondheim, avd. Surnadal
Svartvassvegen 3, 6650 SURNADAL
Tlf: 71 65 77 20. www.fk.no

MEDSPELARAR

BUNNPRIS
PRISENE TIL BUNNS - IKKE UTVALGET!

CUBUS

BM
BYGGMAKKER
Surnadal

REMA 1000

møbel-fiske
SURNADAL A/S - TLF 71 65 77 90

Fjord1
MRF

Husfliden

SURNADAL
TRANSPORT AS

SKEI FARGEHANDEL

KIAS KVANNE
INDUSTRIER AS

AMFI
EIENDOM ASA

Hydro
Teco

Statnett

Esso

B·YOUNG®

Norbørst

TID FOR HARRY POTTER! LES BØKENE FØRST...



KR 259,-

HARRY POTTER
OG DE VISES
STEIN



KR 259,-

HARRY POTTER
OG MYSTERIE-
KAMMERET



KR 259,-

HARRY POTTER
OG FANGEN
FRA AZKABAN



KR 359,-

HARRY POTTER
OG ILD-
BEGERET



KR 398,-

HARRY POTTER
OG FØNIKS-
ORDENEN

OVERSATT AV
TORSTEIN BUGGE HØVERSTAD

I BOKHANDELEN!

DAMM
EGMONT



Billetter

ved inngangen
eller på Surnadal Kulturhus,
tlf. 71 65 73 00.

I år som i fjor har vi kontor i Surnadal kulturhus.
Kontortid er kvardagar frå 15:00 – 18:00,
her kan de kjøpe billetter på arrangement
som ikkje føregår i Surnadal kulturhus, vi sel og
boka ”Dikt frå Vårsøglandet” og sjølvstekt
Vårsøghelg t-skjorta.

Vårsøgtelefonen 415 46 860

Besøk gjerne vår nettside

www.vårsøghelga.no